

Hordaland fylkeskommune
v/ fylkesrådmann Rune Haugsdal

6. mars 2018

OPPSTART AV RULLERING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

Deloitte har i samsvar med utarbeidd prosjektplan og bestilling frå kontrollutvalet i sak PS 10/18 i møte den 5. februar 2018, starta opp arbeidet med rullering av plan for forvaltningsrevisjon i Hordaland fylkeskommune (sjå vedlagt prosjektplan).

Føremålet med rulleringa er å sikre at forvaltningsrevisjonar som blir gjennomført vidare i perioden speglar dei mest vesentlege risikoområda i fylkeskommunane si verksemd, og at dei er nyttige med omsyn til den føreståande samanslåinga med Sogn og Fjordane fylkeskommune som skal finne stad frå 1.1.2020.

Revisjonen vil utarbeide eit notat for fylkeskommunen som vil bli lagt til grunn for rullering av plan for forvaltningsrevisjon. I notatet vil vi legge vekt på følgjande spørsmål:

- Er det endringar i risikobiletet som blei presentert i analysen i 2015/2016?
- Kva prosjekt kan vere særleg viktig (og nyttig) å fokusere på med omsyn til den føreståande samanslåingsprosessen?
- Er det eventuelle felles tema for forvaltningsrevisjon som er aktuelle på tvers av dei to fylkeskommunane?

Med utgangspunktet i notatet skal det gjennomførast prosessmøte med kontrollutvalet, der kontrollutvalet gjer si endelege rullering av plan for forvaltningsrevisjon.

Overordna analyse og vedteken plan for forvaltningsrevisjon for 2016-2020 vil vere utgangspunktet for revisjonen sitt arbeid. Vi vil òg konsultere oppdaterte KOSTRA-tal og gå igjennom siste årsmelding frå fylkeskommunen for å justere risikobiletet. Om fylkeskommunen har andre dokument som de meiner vil vere nyttig i denne samanheng, ber vi om å få tilsendt desse.

Vidare vil revisjonen gjere intervju med fylkesrådmannen og 6-7 fylkesdirektørar for å få oppdaterte vurderingar frå leiinga i fylkeskommunen om kva område det er knytt størst risiko til, og kva område det kan vere mest vesentleg for kontrollutvalet å undersøkje.

Vi ber om at det blir oppnemnd ein kontaktperson innan 12. mars som vi kan samarbeide med for å organisere intervjuet. Ev. relevant dokumentasjon utover fylkeskommunen si siste årsmelding og KOSTRA-tal ber vi om at blir tilsendt revisjonen innan 16. mars.

Revisjonen gjer merksam på at vi parallelt med vårt rulleringsarbeid for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune, også rullerar plan for forvaltningsrevisjon i Sogn og Fjordane fylkeskommune for kontrollutvalet der.

Eventuelle spørsmål om forvaltningsrevisjonsprosjektet kan rettast til prosjektleiar Frode Løvlie på tlf. 480 97 914, eller per e-post til flovlie@deloitte.no

Med venleg helsing
Deloitte AS



Frode Løvlie

Prosjektleder